



Saksprotokoll

Organ: **Planutvalet**

Møtedato: 22.11.2017

Sak nr.: 15/8187-61
Internt I.nr. 44910/17

Sak: 8/17

Tittel: **Regional strategisk plan for kysten - status kunnskapsdel og vidare strategiarbeid**

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Tilrådingane:

Innspel til tema/område for vidare arbeid med strategiar

Planutvalet sluttar seg til at det vert utarbeida strategiar med utgangspunkt i temaa ovanfor.

Avrøysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

Problemstillingar i strategiarbeidet

Planutvalet er innforstått med at strategiarbeidet i nokon grad kan kome til å utfordre prioriteringar i fylkeskommunale eller regionale planar. Det er likevel viktig at vi har eit sett av planar som peikar i same retning og at dei ikkje står i direkte konflikt med kvarandre.

Avrøysting: Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 5 røyster og fall.

Endringsframlegg:

Ap fremja følgjande forslag:

Planutvalet er opptatt av at strategiarbeidet skal kunne sette dei ulike satsingane på kysten inn i eit system og sikre at dei supplerer kvarandre og evt dekker område som ikkje er tilstrekkeleg handtert tidlegare.

Dersom strategiarbeidet i nokon grad kan komme til å utfordre prioriteringar i andre planverk, må ein vurdere dette, og med utviklingspotensialet i det nye fylket frå 2020.

Avrøysting: Forslaget fekk 6 røyster og vart vedteke

Endringsframlegg:

Sp fremja følgjande forslag til tilleggspunkt:

Vidare må ein vurdere samanhengen med utviklingspotensialet i det nye fylket frå 2020.

Avrøysting: Forslaget vart samråystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Innspel til tema/område for vidare arbeid med strategiar

Planutvalet sluttar seg til at det vert utarbeida strategiar med utgangspunkt i tema og området ovanfor.

Problemstillingar i strategiarbeidet

Planutvalet er opptatt av at strategiarbeidet skal kunne sette dei ulike satsingane på kysten inn i eit system og sikre at dei supplerer kvarandre og evt dekker område som ikkje er tilstrekkeleg handtert tidlegare.

Dersom strategiarbeidet i nokon grad kan komme til å utfordre prioriteringar i andre planverk, må ein vurdere dette, og med utviklingspotensialet i det nye fylket frå 2020.

Vidare må ein vurdere samanhengen med utviklingspotensialet i det nye fylket frå 2020.